

Knarvik, 25.11. 2015

**Referat frå møte i ressursgruppa for prosjektet
'Heilskapleg forvalting av landskapet. Kystskogbruk og ope landskap i Nordhordland'**

Tilstade: Asbjørn Toft (Austrheim kommune), Nils Kaalaas (Lindås kommune), Toril Mulen (landbrukskontoret Austrheim. Fedje, Radøy), Kristine Born (landbrukskontoret Austrheim. Fedje, Radøy), Laila Bjørge (landbrukskonteret i Meland og Modalen), Marius Knudsen (landbrukskonteret i Meland og Modalen), Jan Nordø (Nordhordland Naturvernforbund) og Helge Kårstad (Kystskogbruket).
Frå Biosfæreprosjektet: Peter Emil Kaland, Arne Abrahamsen, Tonje Husum Aarland og Kari Evensen Natland.

Innleiingsvis orienterte Kari om arbeidet som er gjort sidan førre møte i ressursgruppa. Prosjektskissa vi hadde då er blitt omarbeida etter dei innspel som kom fram i juni. Vi har også fått innspel frå klimaavdelinga på fylket som kan vere med å finansiere ein konferanse kring temaet. Den nye prosjektskissa vart presentert for gruppa, denne er lagt ved referatet.

Innspel:

Dette er ei oversikt over tema som vart tatt opp på møtet. Dei er forsiktig sortert, men ikkje prioriterte her. Alle har likevel vore nytta i samband med revisjon av prosjektforslaget som og er lagt ved dette referatet.

- ***Først – fordi dette er eit biosfæreprosjekt:***

Kjærleiken til landskapet er viktig. Den må bli ein berande verdi i prosjektet.

- ***Organisasjon/styring***

Det er viktig at vi får ein tøff styringsgruppe og ein bredt samansett referansegruppe. Leiaren må vere sterkt.

Både i styringsgruppa og i referansegruppa må vi ha med fok med fagkunnskap og folk som har direkte interesser i framtida for kystskogen

I styringsgruppa må det vere med politikarar for å sikre engasjement frå kommunane, dessutan skogeigarar + landbruksfaglig kompetanse. Vi må sikre at dei ytre kommunane vert representerte.

Praktisk bør prosjektet kunne styrast av ei mindre arbeidsgruppe.

- ***Informasjon, kommunikasjon, marknadsføring***

Skal vi lykkes med prosjektet må vi satse tungt på informasjon/kommunikasjon. Vi må gå i dialog med alle interessentar både for å få dei engasjerte og for at vi gjør riktige val. Men vi må også bruke ressursar på å informere for å bidra til auka kunnskap, rette opp feil inntrykk (som at sitkagran ikkje kan nyttast til noko) eller for å få fram at det vi gjer verkeleg nytter (marknadsføring). Gode tilbakemeldingssløyfer vert viktige.

Obs: Problemset er truleg ikkje bøndene, men alle de som har blitt grunneigarar. Vi må ha dei med. Kan vi lære noko av Silja (Sverige).

- ***Kva aktivitetar bør vi satse på? (Gjeld både for- og hovudprosjekt)***

Vi må dele prosjektet i fleire mål: noko handlar om helse, om hogst, ein del på kulturlandskap, kommunikasjon, utnytting av produksjonsskog, rydding, mv.

Planarbeid - bare omtrent halvparten av kommunane har skogbruksplaner. Det vi treng er områdeplaner.

Økonomi – uansett kva vi gjer er det viktig at vi har et klart fokus på at dette også handlar om økonomi. Hva vil regionen reink økonomisk sitte igjen med gjennom et slikt prosjekt.

Enkle tiltak – det ver ein utfordring å finne dei enkle gode tiltaka. Kanskje ein slags reiskapskasse for dei som vil gjere noko med tilgroingen?

Kurs – praktiske kurs kan være viktige: Lage gjerde, lyngbrenning, vedhogst, slakting, motorsagkurs, mv.

Tradisjonell utnytting av skogen 1 – kan vi våge å lage kampanje for å få folk til å nytte ved/flis og ikkje varmepumper?

Tradisjonell utnytting av skogen 2 – det er interesse, men kanskje manglande kunnskap, om positive måtar å nytte skogen (Andre kvaliteter i skogen som skog enn reink skogbruk): bærplukking, sopp mv.

Ny utnytting av skogen - Bruke flis i gjødsel-kjellaren (lage talle med flis). Sjekke erfaring frå prosjekt i SoFj.

- **Pilotområde:**

Vi treng to typar. Eit som representerer Nordhordland i miniatyr (der vi har aktivt skogbruk, landbruk, tilgroing, lystheiar, naturvernalar mv.), eit eller fleire andre som vi grip fatt i først og fremst for å syne fram resultat av arbeidet vårt tidleg.

Hoplandsosen (på begge sider av fjorden) kan vere eit «miniatyrområde». Io er og foreslått. Ei av holmane i Alverstraumen kan vere eksempel på den andre typen pilotområder. Andre «symbolområder»: Modalen, Utsiktpunktet i Stordalen, Frekhaug....

Når forslaga har kome inn bør vi gjennomføre ei synfaring for å velje det beste området.

Oppgåver til alle møtedeltakarar:

Vi ber for det første om kommentar både til dette referatet og til den vedlagte prosjektplanen.

Dessutan treng vi forslag til pilotområder (så vi kan få lagt det inn i søknaden vår). Vi treng innspel både om «miniatyrområder» og om «symbolområder».

Frist for tilbakemelding: 4. desember.

Med venleg helsing

Kari Evensen Natland
Prosjektleiar for Biosfæreprosjektet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS